

Kirstine P. Tallerås

Wilhelm og Lina

- to velkjente personar i Folldal



Stuggu til Wilhelm og Lina i Folldal sentrum. Foto: Ola Nyeggen, utsnitt.

I ei kvit, lita stugu i sentrum i Folldal heldt Wilhelm og Lina Palm til. Dei var av reisande folket i Nord-Østerdalen, budde i Folldal om vinteren, men kvar vår drog dei utover til "fjordan", dvs. Romsdalen og Sunnmøre, og var der til langt utover hausten.

Wilhelm var flink urmakar, klokke-
makar, reparerte og handla med klok-
ker. Det var mange som var innom han
og fekk stelt klokka si eller kjøpt seg ny
klokke. Wilhelm var ein respektert kar i
bygda, ein sosial og triveleg kar det
gjekk an å slå av ein prat med. Han

hadde hest og stall ved sida av stugu si.
Med hesten henta han ved til eige bruk.
Det var òg sagt at han om vinteren
leigde ut hesten sin i gruva og i tøm-
merskogen. Når han og Lina drog ut-
over til fjordan til vårs, brukte han
hesten sin.

Lina gjekk rundt i bygda og handla
og bytte varer. Ho gjekk frå gard til
gard, tok bussen når ho skulle litt
lenger. Ho hadde ein tung kuffert ho
bar på med mange slags varer i. I kuf-
ferten hadde ho nåler, tråd, broder-
garn, påteikna dukar, blonder, små



*Lina og Wilhelm på Sunnmøre i unge år.
Foto: Sivert Rødset, Stordal.*



*Wilhelm og Lina (paret t.v.) sammen med
slektningar i Alvdal. Foto: P. K. Lien.
Norøsterdalsmuseet nr. PKL.5852.*

sakser, knappar, kammar, rosete sjal og ymse andre varer. Det hendte ho leigde ein liten gutpilt til å hjelpa seg å bera den tunge kufferten ned på bussen att. Ho brukte òg ei barnevogn som ho trilla varene sine i. På gardane kunne ho bytta til seg mat, ein fleskebit, nokre egg, ein fløyteskvett. Det var gjevast å dra på handel i slaktetida, da vanka kjøt og det vart mang ein godbit på Lina. Ofte gjekk ho i lag med syster si frå Auma, Fina. Lina hadde òg ei syster som budde i Folldal i lag med dei, Fredrikke Johansen, Feka. Ho hadde vore gift med Karl, bror til Wilhelm, men

vart tidleg enkje og fekk bu hjå Wilhelm og Lina med borna sine. Feka var ofte i lag med Lina når dei handla uti fjordan.

Lina var flink med handarbeid, var flink til å strikka m.a. Det var ho som kom med selbumønsteret til bygdene uti fjordan, er det fortald. Ho strikka når ho gjekk langs vegen. Feka òg var eineståande til å strikka. Ho leverte strikkating til Husfliden på Elverum. Ei tid var det husflidsutsalg på Alvdal. Det gjekk ikkje så lenge, men Feka leverte dit.

Lina var fødd i 1889, var dotter til

Johan Andersen på Moan i Alvdal, så ho var av Vesl-Anders-folket. Mora heitte Josefine Lindquist. Ho var svensk. Det fulle namnet til Lina var Aleksandra Nikoline. Ho hadde 11 søsken, m. a. Lars på Auma og Kalle på Kristofferplass i Alvdal. Lina gifta seg med Wilhelm Palm i 1909, 20 år gamal.

Wilhelm var fødd i 1884, var son til Lena, Berthe Helene frå Vik i Sogn, og "Sterke-Sander", Aleksander Johannesen Palm. Aleksander var ein stolt og høgt respektert kar. Dei hadde ei lita stugu i Folldal ved sida av Wilhelm og Lina, men reiste mykje i Sogn og Fjordane, Hordaland, Møre m.a. Båe døydde i Folldal og er gravlagte der. Dei døydde med få dagars mellomrom i februar i 1939. Stugu deira står som eldhus på garden Plassen i Folldal.

Lina og Wilhelm var barnlause. Men dei hadde hund. Lina hadde støtt den vesle hunden "Bella" i armkroken eller han sat ved sida av henne på verandaen utanfor stugu deira. Det hendte naboar stakk innom på ein kopp kaffe og granneungane gjesta seg gjerne hjå Wilhelm og Lina. Dei hugsa alle klokkene, kopparausene og kopparformene, fint pussa, som hang på veggane. Lina var flott pynta med smykker og øyredobbar og fine sjal. Lina røykte pipe.

Da det i 1951 vart forbode for reisande å ha hest, måtte Wilhelm selja hesten sin. Det var ein sorgens dag for Wilhelm. Han var glad i hesten sin og hadde stor nytte av han når dei farta frå bygd til bygd. Da måtte dei ta i bruk handkjerra att.

Om våren kunne bygdefolket sjå desse to eldre gåande med handkjerra si etter vegen oppover Folldal for å komma til sommarstellene sine vestpå.

Det var lang veg å gå. Dei overnatta på fleire stader før dei kom fram. Dei hadde faste folk dei tok inn hjå. Wilhelm sendte bod i førevegen at han var å treffa i den og den bygda, på den og den garden da og da med klokkene sine for å reparera og handla.

Den siste hesten sin, ein blakk fjording, selde Wilhelm til Ola Lohn. Ola døypte hesten for "Wilhelm". Det var ein snill hest. Hesten stod roleg og venta når arbeid skulle utførast.

Lina vart sjuk og døydde på Elverum sjukehus i 1962. Wilhelm levde nokre år til, døydde i 1966. Båe vart gravlagte i Folldal. Stugu deira vart seld og står som hytte innved Marsjøen, "Linabu". Syster til Lina Fredrikke Johansen, Feka, er også gravlagt i Folldal.

Om forfatteren

Kirstine Prestmoen Tallerås, f. 1944 i Rollag i Numedal. Busett i Folldal sia 1967. Lærer. Aktiv blant anna som lokalhistorisk skribent. For tida engasjert i prosjektet "Dokumantasjon av romanifolkets historie i Fjellregionen", som fortsatt er interessert i mer informasjon om temaet.